

PROTOKOLL**Representantskapet Nordhordland Utviklingselskap IKS****Møte: 2-2017****Tid: Fredag 8. desember 2017 kl. 09:30 – 10:15****Stad: Alver Hotel****Til stades:**

Ordfører:	Anne Dahle Austrheim (Austrheim), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Tom Kristian Thorsen (Modalen), Alf Terje Mortensen (Osterøy), Jon Askeland (Radøy)
Rådmenn:	Reidun Halland (Gulen)
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Jarle Skeidsvoll (Osterøy)

Sak 7/17	Godkjenning møteinnkalling og saksliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
Sak 8/17	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: Øyvind Oddekalv og Alf Terje Mortensen vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 9/17	Godkjenning møteprotokoll 1-2017 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/17	Orientering frå NUI Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort om status for drift, arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI. Vedlagt fylgjer presentasjon. Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til etterretning.

<p>Sak 11/17</p>	<p>Godkjenning budsjett 2018 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS Styreleiar Håkon Matre la fram styret sitt forslag til budsjett for 2018. Styret godkjente budsjettet i styremøte 21. november 2017.</p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: <i>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2018. NUI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</i></p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2018.</p> <p>NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>
<p>Sak 12/17</p>	<p>Val av revisor NUI sin revisor over mange år, har meldt at han trappar ned verksemda og at han i den samanheng ikkje ynskjer å ta på seg oppdrag for NUI lenger. NUI har innhenta pris frå tre leverandører. Alle tre var kvalifiserte og det var ingen synleg forskjell i kvalitet. KPMG var rimelegast på dei faste prisane og ut i frå ei totalvurdering tilrår administrasjonen at KPMG vert valt til revisor. Kostnaden til revisjon vil endre seg lite. Iht. Lov om interkommunale tenester § 28 «Selskapets revisjon», skal Representantskapet velja revisor.</p> <p>Styret handsama saka i styremøte 24.11.17 og gjorde følgjande vedtak: Samrøystes vedtak: <i>Styret tilrår at KPMG vert valt som revisor til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.</i></p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til at KPMG vert vart valt til revisor.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel KPMG som revisor for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).</p>
<p>Sak 13/17</p>	<p>Val av styre til Nordhordland Utviklingsselskap IKS for 2018-2019 Valnemnda la fram forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2018-2019:</p> <p>Valnemnda sitt forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2018-2019 er: Håkon Matre (styreleiar), Kari Utkilen (nestleiar), Arnhild Kjellevoid (medlem), Leif Taule (1. vara), Audun Stusdal (2. vara).</p> <p>Valnemnda føreslår desse satsane for styrehonorar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr 27 000 ▪ Nestleiar og medlem: kr 12 000 ▪ Møtehonorar for vara: kr 2 000 pr. møte

Samrøystes vedtak:

Representantskapet vedtok samrøystes innstillinga frå valnemna og oppnemner Håkon Matre til styreleiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kari Utkilen til nestleiar og Arnhild Kjellevoid til medlem. Leif Taule vert valt som 1. vara og Audun Stusdal som 2. vara.

Honorar vert sett til kr. 27 000,- for styreleiar og kr 12 000,- for nestleiar og medlem og kr 2 000,- som møtehonorar for vara. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.

Alver, 8. desember 2017



Karstein Totland

Leiar Representantskapet

Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Øyvind Oddekalv

Medlem Representantskapet

Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Alf Terje Mortensen

Medlem Representantskapet

Nordhordland Utviklingsselskap IKS